

# **RELV101 Kva er religionsvitenskap**

Emnerapport, vårsemesteret 2018

---

## **Praktisk gjennomføring**

Undervisinga bestod av ein innføringsførelesing (saman med RELV105) og 13 førelesingar og i tillegg obligatoriske seminar kvar veke med studentane inndelt i fire seminargrupper. Universitetslektor Jane Skjoldi var seminarleiar og prof. Håkan Rydving førelesar.

## **Strykprosent, fråfall og karakterfordeling**

I 2017 var det 65 studentar som tog eksamen i RELV101. I år var det ei stor auking: heile 92 studentar tok eksamen. Av dessa fekk alle godkjent resultat. Fordelinga av karakterar blei 11 A, 39 B, 30 C, 8 D, 4 E og 0 F, eit veldig godt resultat. Etter sensuren fekk alle studentar individuelle kommentarar til tekstene sine og motivering av karakteren gjennom grunngjevingsfunksjonen i Inspera.

## **Kommentar til studentevaluering**

Ved den siste førelesinga svarte dei 41 nærverande studentane på ei evaluering. Resultata blei stelt saman og lagt ut på Mitt UiB. Her er nokre døme:

33 av studentane som tok del i evalueringa meinte at kurset var interessant eller mykje interessant, 39 at vanskegrada var grei. 39 var nøgde eller mykje nøgde med gruppeundervisinga, alle 41 var nøgde eller mykje nøgde med utbytet av forelesingane. 31 svarte at det er bra at gruppeundervisinga er obligatorisk og 39 at det er bra med obligatorisk innlevering av ei øvingsoppgåve. Dei gav ros og ris åt dei einskilde kursbøkene og den informasjonen vil bli brukt neste år. Om studentane sjølv hadde fått velje eksamsform hadde 25 valt ein sju dagars heimeeksamen (som i vår).

Studentane sine kommentarar til kurset var i hovudsak positive, men nokre av dei kom med gode framlegg om korleis kurset kan bli betre. Dei blir viktige å ta omsyn til i planeringa av kurset innfor våren 2019. Av dei som deltok i evalueringa skreiv 18 at dei planerer å fortsette å studere religionsvitenskap og 7 at dei kanskje gjer det.

## **Studieinformasjon og dokumentasjon**

Informasjon om kurset har vore tilgjengeleg på Mitt UiB og blei gjeve ved studieorienteringa i religionsvitenskap for studentar på 100-nivå. Meir spesifikk studieinformasjon fekk studentane i byrjinga av den første førelesinga og kontinuerleg under kurset. Ved kursevalueringa svarte alle som deltok at dei fått «tilstrekkeleg informasjon om studieplan, pensum, undervising, eksamen, osb.»

## **Tilgang til relevant litteratur**

Litteraturen fanst tilgjengeleg i bokhandel og på universitetsbibliotek i byrjinga av semesteret.

**Faglærers vurdering av rammevilkåra**

Alt fungerte godt.

**Lokalar og undervisningsutstyr**

Førelesingslokalen (aud. B i Sydneshaugen skule) er mykje formålstenleg.

**Internasjonalisering**

Litteraturen er i hovudsak på engelsk og tematikken global. Religionsvitenskap omfattar alle tider og rom. Internasjonalisering er derfor ein viktig del av identiteten til faget. Det gjeld naturlegvis introduksjonskurset RELV101 òg.

**Samla vurdering til faglærar, inkl. forslag til forbetingstiltak**

I hovudsak fungerte kurset godt, men ein del av pensum blei oppfatta som altfor vanskeleg for 100-nivå av fleire av studentane som deltok i evalueringa. Det er eit av fleire døme på framlegg til endringar som eg vil ta omsyn til når et planerer kurset for 2019. Pensum og førelesingar vil bli forbetra, pensum gjennom å prøve ein del ny litteratur som er betre tilpassa til studentar på 100-nivå, førelesingane gjennom å prøve å gjere dei enda meir interessevekkjande og inspirerande.

Bergen, den 12. juli 2018,

Håkan Rydving  
(emneansvarleg)